



MØTEBOK 03/26

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 07.05.2026

Møtetid:

Kl. 15:00 - 21:10

Møtestad: Møtestart på Kongshaugen
reinseanlegg. Formelt møte
skjer på Sula ungdomsskule,
amfi

Saksnr.:

033/26 – 044/26

Følgjande medlem møtte

Parti

Ingvild Molvær De Iacovo

AP

Jim Arve Røssevoll

AP

Karoline Antonie Slinning

AP

Olin Digernes Molvær

AP

Sunniva Molvær

AP

Trygve Holm

AP

Alexander Rudi Sunde

FRP

Bendik Valseth Havnegjerde

FRP

Kjell Petter Dyb

FRP

Martin Nicolai Skår

FRP

Sissel Andersen

FRP

Torstein Støylen

FRP

Øystein Båtnes

FRP

Christian Birkeland

H

Geir Ove Vegsund

H

Jan Arne Sletta

H

Nils Erik Bjørkavåg

H

Turid Kristin Sand Humlen

H

Vibeke Bjørkavåg

H

Elin Kilvik Skeide

KRF

Olav Ellingsæther

KRF

Åse Petrin Vegsund

KRF

Jan Magnar Sandvik

SUL

Jostein Bergem Håland

SUL

Magne Anton Sunde

SUL

Ronny Johan Juul

SV

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Natalia Øvstegård	FRP	Mariann Stadsnes Fiskerstrand	FRP
Ronny Blomvik	FRP	Bjørn Kristian Blomvik Eikrem	FRP

Sula ungdomsråd:

Edle Molvær De Iacovo

Kristian Vårdal Nossen

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjefane Ragnhild Hanken Skjong (oppvekst og kultur) og Gunhild Fjeldvig Tørlen (helse og meistring), HR-leiar Torry Larsen, fungerande einingsleiar kommunalteknikk / seniorrådgivar Terje Havnegjerde, einingsleiar John-Magne Eikrem (eigedom), fagleiar Per-Arne Christensen (økonomi), rådgivarane Per-Vidar Sæhaug (eigedom), rådgivar Anne Lise Engkrog Salen (fellesstab) og politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Innkalling med sakliste var sendt ut på førehand. Saksdokumenta til møtet har vore tilgjengelege for politikarane i møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Godkjent med endring av at sak 044/26 – «Vurdering av Molværsdammen – vedtak om finansiering» behandla før sak 042/26. Sak 037/26 – «Sal av Måseide skule» vart behandla då representantar frå Barne-, ungdoms- og familieetaten (BUFETAT) var til stades.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	-

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
033/26	Godkjenning av møtebok nr. 02/26	
034/26	Rapport frå Sula kontrollutval si undersøking i høve investeringsprosjekt Rørstadmarka	
035/26	Søknad om tidsavgrensa skjenkeløyve - Teltpartner AS	
036/26	Utvidelse av skjenketid for alkohol under fotball-VM i perioden 11.juni til 19.juli 2026	
037/26	Sal av Måseide skule	
038/26	Bruprosjekt, Pebakken.	
039/26	Årsmelding 2025 - Sula ungdomsråd	
040/26	Medlem i lagmannsretten 2025 - 2028. Søknad om fritak Bodil Utvik Lynge	
041/26	Orienteringssak om formannskapet si strategisamling 21. og 22. april 2026	
042/26	Referatsaker	
043/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	
044/26	Vurdering av Molværsdammen - vedtak om finansiering	

033/26: Godkjenning av møtebok nr. 02/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

K - 033/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

034/26: Rapport frå Sula kontrollutval si undersøking i høve investeringsprosjekt Rørstadmarka

Kontrollutvalet si innstilling:

Kontrollutvalet uttaler til kommunestyret at basert på vurderingane og rapporten frå revisor ser utvalet at følgjande prosessmessige utfordringar kan ha rom for forbetring:

- eit delprosjekt knytta til og avhengig av eit anna prosjekt kan vanskeleg planleggast og estimerast aleine når premissene er lagt av det andre prosjektet.
- tydelegare ansvarsavklaring og rapporteringsveg heilt frå økonomi til kommunestyret.
- delprosjekt må fortsatt ha valmuligheter og styringsmulighet
- ein bør ha fast rapportering i kommunestyret også for investeringsprosjekt.

Kommunestyret bed kommunedirektøren halde fram med å utvikle internkontrollen rundt planlegging, gjennomføring og rapportering for investeringsprosjekt, herunder:

- Følgje opp praktiseringa av dei nye retningslinjene knytt til bygge- og anleggsprosjekt, og evaluere og tilråde eventuelle justeringar, óg med tanke på å;
 - styrke innleiande fase i prosjekteringa; og for aktuelle prosjekt vurdere om det kan bli innarbeid vurdering av opsjonar på grunnnerverv og eventuelle andre større relevante element i prosjektet
 - vurdere for større investeringsprosjekt korleis opsjonar kan bli nytta for å ha tilstrekkeleg styringsgrunnlag i prosjektperioden
 - definere dei ulike kostnadsestimeringane (til dømes (1) basiskostnad; (2) styringsramme (basiskostnad + venta tillegg); (3) kostnadsramme (styringsramme + avsetning til usikkerheit); (X) kuttliste) samt korleis prisvekst skal bli handtert

- Evaluere og gjennomgå reglement, rutinar og malar knytt til dei faste økonomirapporteringane med sikte på å styrke rapporteringa frå investeringssida i budsjettet.
- I kommunedirektøren sin rapportering til kommunestyret skal det for investeringsprosjekt bli rapportert om årsprognose samanheld med budsjettet, og også i høve til totalramma for fleirårige prosjekt. Ved vesentlege avvik skal kommunedirektøren foreslå endringar i budsjettet, som vurderer budsjettamma og/eller innhaldet/omfanget av prosjektet. Eventuelle forslag om endringar skal bli lagt fram for kommunestyret sjølv.
- Gjennomføre og sikre tilstrekkeleg tilkjenning og kunnskap om reglement, retningslinjer og prosess for investeringsprosjekt, samt naudsynt kapasitet til gjennomføring.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Ansvarleg revisor, Martin Gjendem Mortensen i Møre og Romsdal revisjon SA, orienterte om arbeidet frå kontrollutvalet og dei konklusjonane dei har trekt. Leiar av kontrollutvalet, Trygve Holm, hadde ordet. Også dagleg leiar av Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS, Solveig Kvamme, deltok. Det var ei runde med spørsmål og svar.

Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes tatt til vitande.

K - 034/26 Vedtak:

Kontrollutvalet uttaler til kommunestyret at basert på vurderingane og rapporten frå revisor ser utvalet at følgjande prosessmessige utfordringar kan ha rom for forbedring:

- eit delprosjekt knytta til og avhengig av eit anna prosjekt kan vanskeleg planleggast og estimerast aleine når premissene er lagt av det andre prosjektet.
- tydelegare ansvarsavklaring og rapporteringsveg heilt frå økonomi til kommunestyret.
- delprosjekt må fortsatt ha valmuligheter og styringsmulighet
- ein bør ha fast rapportering i kommunestyret også for investeringsprosjekt.

Kommunestyret bed kommunedirektøren halde fram med å utvikle internkontrollen rundt planlegging, gjennomføring og rapportering for investeringsprosjekt, herunder:

- Følgje opp praktiseringa av dei nye retningslinjene knytt til bygge- og anleggsprosjekt, og evaluere og tilråde eventuelle justeringar, óg med tanke på å;
 - styrke innleiande fase i prosjekteringa; og for aktuelle prosjekt vurdere om det kan bli innarbeid vurdering av opsjonar på grunnnerv og eventuelle andre større relevante element i prosjektet

- vurdere for større investeringsprosjekt korleis opsjonar kan bli nytta for å ha tilstrekkeleg styringsgrunnlag i prosjektperioden
- definere dei ulike kostnadsestimeringane (til dømes (1) basiskostnad; (2) styringsramme (basiskostnad + venta tillegg); (3) kostnadsramme (styringsramme + avsetning til usikkerheit); (X) kuttliste) samt korleis prisvekst skal bli handtert
- Evaluere og gjennomgå reglement, rutinar og malar knytt til dei faste økonomirapporteringane med sikte på å styrke rapporteringa frå investeringssida i budsjettet.
- I kommunedirektøren sin rapportering til kommunestyret skal det for investeringsprosjekt bli rapportert om årsprognose samanheld med budsjettet, og også i høve til totalramma for fleirårige prosjekt. Ved vesentlege avvik skal kommunedirektøren foreslå endringar i budsjettet, som vurderer budsjettramma og/eller innhaldet/omfanget av prosjektet. Eventuelle forslag om endringar skal bli lagt fram for kommunestyret sjølv.
- Gjennomføre og sikre tilstrekkeleg tilkjennegjering og kunnskap om reglement, retningslinjer og prosess for investeringsprosjekt, samt naudsynt kapasitet til gjennomføring.

035/26: Søknad om tidsavgrensa skjenkeløyve - Teltpartner AS

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre / formannskap vedtek at Teltpartner AS (med organisasjonsnummer 988 397 385) får innvilga eit tidsavgrensa skjenkeløyve under desse vilkåra:

1. Tidsrom for løyvet blir gitt for 3 mnd i tidsrommet 29.mai - 30 august 2026
2. Løyvet gjeld for varegruppe 1 og 2 for skjenkestaden "Teltpøbben" på gnr 109 bnr 450 i Langevåg sentrum.
3. Teltet er iht skisse på 9 x 15 meter, med inntil 100 gjesteplassar inne og eit utareal med inntil 40 gjesteplassar.
4. Skjenketid inne i teltet kan vere fram til kl. 24.00.
5. Skjenketid for uteområdet kan vere fram til kl. 23.00.
6. Støynivået skal vere innafor det Helsedirektoratet viser til i sin veileder for Musikkanlegg og helse, jmf. punkt 5.1.2.
7. Løyvet må utøvast i samsvar med reglane i alkohollova med tilhøyrande forskrifter, og innafor Sula kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.
8. Løyvehavar skal levere stadfesta oppgåve frå revisor eller forretningsfører på omsetning av alkoholholdig drikk i liter på begge varegrupper. Løyvegebyret vil bli berekna på grunnlag av alkoholomsetninga, og etter gjeldande sats i medhald av alkoholforskrifta.

9. Jørgen Mek født 03.02.87 godkjennast som styrar for løyvet. Sigvart Reknes født 07.01.88 godkjennast som reservestyrar for løyvet.
10. Søknad om oppføring av telt på gnr 109 bnr 450 blir godkjent av byggesaksavdelinga i Sula kommune.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Åpningstider foreslått vedtatt som opprinnelig omsøkt.

Saka vart drøfta.

Det vart gjennomført gruppemøte.

Elin Kilvik Skeide (KrF):

Teltpartner må finne egna og lukka lokale til drifta, eventuelt finne ny plassering for teltet som er mere skjerma bebyggelsen.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Sula kommunestyre / formannskap vedtek at Teltpartner AS (med organisasjonsnummer 988 397 385) får innvilga eit tidsavgrensa skjenkeløyve under desse vilkåra:

1. Tidsrom for løyvet blir gitt for 3 mnd i tidsrommet 29. mai – 30. august 2026.
2. Løyvet gjeld for varegruppe 1 og 2 for skjenkestaden "Teltpøbben" på gnr 109 bnr 450 i Langevåg sentrum.
3. Teltet er iht skisse på 9 x 15 meter, med inntil 100 gjesteplassar inne og eit uteareal med inntil 40 gjesteplassar.
4. Skjenketid inne i teltet kan vere fram til kl. 02.00 lørdag og søndag, andre vekedagar fram til kl. 23.00.
5. Skjenketid for uteområdet kan vere fram til kl. 24.00 lørdag og søndag, andre vekedagar fram til kl. 23.00.
6. Støynivået skal vere innafor det Helsedirektoratet viser til i sin veileder for musikkanlegg og helse, jmf. punkt 5.1.2.
7. Løyvet må utøvast i samsvar med reglane i alkohollova med tilhøyrande forskrifter, og innafor Sula kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.
8. Løyvehavar skal levere stadfesta oppgåve frå revisor eller forretningsførar på omsetning av alkoholholdig drikk i liter på begge varegrupper. Løyvegebyret vil bli berekna på grunnlag av alkoholomsetninga, og etter gjeldande sats i medhald av alkoholforskrifta.
9. Jørgen Mek født 03.02.87 godkjennast som styrar for løyvet. Sigvart Reknes født 07.01.88 godkjennast som reservestyrar for løyvet.
10. Søknad om oppføring av telt på gnr 109 bnr 450 blir godkjent av byggesaksavdelinga i Sula kommune.

Ved avstemming stemte ein først over forslaget frå FrP og forslaget frå KrF.

Forslaget frå FrP vart vedtatt med 16 mot 13 stemmer (Christian Birkeland, Vidar Hagerup og Vibeke Bjørkavåg (alle H), AP, KrF og V).

Deretter sette ein formannskapet si tilråding opp mot forslaget frå FrP. Tilrådinga vart vedtatt med 15 mot 14 stemmer (FrP, SUL, SV og Jan Arne Sletta (H)).

K - 035/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at Teltpartner AS (med organisasjonsnummer 988 397 385) får innvilga eit tidsavgrensa skjenkeløyve under desse vilkåra:

1. Tidsrom for løyvet blir gitt for 3 mnd i tidsrommet 29. mai - 30. august 2026
2. Løyvet gjeld for varegruppe 1 og 2 for skjenkestaden "Teltpøbben" på gnr 109 bnr 450 i Langevåg sentrum.
3. Teltet er iht skisse på 9 x 15 meter, med inntil 100 gjesteplassar inne og eit utareal med inntil 40 gjesteplassar.
4. Skjenketid kan vere fram til kl. 23.00 (inne i teltet og for uteområdet).
5. Støynivået skal vere innafor det Helsedirektoratet viser til i sin veileder for Musikkanlegg og helse, jmf. punkt 5.1.2.
6. Løyvet må utøvast i samsvar med reglane i alkohollova med tilhøyrande forskrifter, og innafor Sula kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.
7. Løyveharar skal levere stadfesta oppgåve frå revisor eller forretningsfører på omsetning av alkoholholdig drikk i liter på begge varegrupper. Løyvegebyret vil bli berekna på grunnlag av alkoholomsetninga, og etter gjeldande sats i medhald av alkoholforskrifta.
8. Jørgen Mek født 03.02.87 godkjennast som styrar for løyvet. Sigvart Reknes født 07.01.88 godkjennast som reservestyrar for løyvet.
9. Søknad om oppføring av telt på gnr 109 bnr 450 blir godkjent av byggesaksavdelinga i Sula kommune.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Saka vart drøfta.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Arrangør kan skjenke til kl 24.00 utandørs og kl 02.00 i helgane inne i teltet.

Jim Arve Røssevoll (Ap):

Skjenketida vert sett til kl 23.00 (både inne og ute).

Forslag frå Valseth Havnegjerde fall med 2 (FrP) mot 4 stemmer.

Kommunedirektør si innstilling vart tilrådd med 5 mot 1 stemme (KrF).

Tilleggsforslag frå Røssevoll vart tilrådd med 4 mot 2 stemmer (FrP).

F - 039/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at Teltpartner AS (med organisasjonsnummer 988 397 385) får innvilga eit tidsavgrensa skjenkeløyve under desse vilkåra:

1. Tidsrom for løyvet blir gitt for 3 mnd i tidsrommet 29. mai - 30. august 2026
2. Løyvet gjeld for varegruppe 1 og 2 for skjenkestaden "Teltpøbben" på gnr 109 bnr 450 i Langevåg sentrum.

3. Teltet er iht skisse på 9 x 15 meter, med inntil 100 gjesteplassar inne og eit utareal med inntil 40 gjesteplassar.
4. Skjenketid kan vere fram til kl. 23.00 (inne i teltet og for uteområdet).
5. Støynivået skal vere innafor det Helsedirektoratet viser til i sin veileder for Musikkanlegg og helse, jmf. punkt 5.1.2.
6. Løyvet må utøvast i samsvar med reglane i alkohollova med tilhøyrande forskrifter, og innafor Sula kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.
7. Løyveharar skal levere stadfesta oppgåve frå revisor eller forretningsførar på omsetning av alkoholholdig drikk i liter på begge varegrupper. Løyvegebyret vil bli berekna på grunnlag av alkoholomsetninga, og etter gjeldande sats i medhald av alkoholforskrifta.
8. Jørgen Mek født 03.02.87 godkjennast som styrar for løyvet. Sigvart Reknes født 07.01.88 godkjennast som reservestyrar for løyvet.
9. Søknad om oppføring av telt på gnr 109 bnr 450 blir godkjent av byggesaksavdelinga i Sula kommune.

036/26: Utvidelse av skjenketid for alkohol under fotball-VM i perioden 11.juni til 19.juli 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula kommunestyre vedtar midlertidig utviding av skjenketider for alkoholholdig drikk inntil kl. 06.00. i heile perioden fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni – 19. juli 2026.
 2. Utvidinga gjeld berre for skjenking av alkoholholdig drikk i vargruppe 1 og 2 (øl og vin).
 3. Utvidinga gjeld berre for skjenkestader som viser direktesendte kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar. Det er eit vilkår for utvida skjenketid at skjenkestaden har serveringsbevilling og sørger for å ha tilstrekkeleg bemanning og vakthald.
 4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.
 5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestader i kommunen, og skjenkestader som ønsker utvida skjenketid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.
- Heimel: Alkohollova § 4-4 nytt niande ledd.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Ungdomsrådet ved Kristian Vårdal Nossen og Edle Molvær De Iacovo presenterte ungdomsrådet si meining av saka.

Saka vart drøfta.

Elin Kilvik Skeide (KrF):

Åpningstida på utestadane kan utvides, uten at skjenketida utvides.

Ved avstemming vart formannskapet si tilråding sett opp mot forslag frå KrF.
Tilrådinga vart vedtatt med 18 mot 11 stemmer (KRF, V, Nils Erik Bjørkavåg og Christian Birkeland (begge H), Jostein Bergem Håland (SUL), Olin Digernes Molvær, Sunniva Molvær, Jim Arve Røssevoll og Trygve Holm (alle AP)).

K - 036/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtar midlertidig utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk inntil kl. 06.00. i heile perioden fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni – 19. juli 2026.
2. Utvidinga gjeld berre for skjenking av alkoholhaldig drikk i vargruppe 1 og 2 (øl og vin).
3. Utvidinga gjeld berre for skjenkestader som viser direktesendte kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar. Det er eit vilkår for utvida skjenketid at skjenkestaden har serveringsbevilling og sørger for å ha tilstrekkeleg bemanning og vakthald.
4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.
5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestader i kommunen, og skjenkestader som ønsker utvida skjenketid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.
6. Gebyr for skjenking blir sett til kr 5.000.
Heimel: Alkoholova § 4-4 nytt niande ledd.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Karoline Antonie Slinning (Ap) kom til før behandling av saka tok til.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.
På spørsmål frå Bendik Valseth Havnegjerde svarte ordførar at Teltpøbben kan søke om skjenking innanfor vedtaket i denne saka.

Jim Arve Røssevoll (Ap):

Nytt punkt 6: Gebyr for skjenking blir sett til kr 5.000.

Forslag frå Røssevoll vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektør si innstilling vart tilrådd med 6 mot 1 stemme (KrF).

F - 040/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtar midlertidig utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk inntil kl. 06.00. i heile perioden fotball-VM for herrar 2026 varer, 11. juni – 19. juli 2026.
2. Utvidinga gjeld berre for skjenking av alkoholhaldig drikk i vargruppe 1 og 2 (øl og vin).

3. Utvidinga gjeld berre for skjenkestader som viser direktesendte kampar i fotball-VM 2026 innandørs for staden sine gjestar. Det er eit vilkår for utvida skjenketid at skjenkestaden har serveringsbevilling og sørger for å ha tilstrekkeleg bemanning og vakthald.
 4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking i uteareal.
 5. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestader i kommunen, og skjenkestader som ønsker utvida skjenketid må søke om dette. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.
 6. Gebyr for skjenking blir sett til kr 5.000.
- Heimel: Alkoholova § 4-4 nytt niande ledd.

037/26: Sal av Måseide skule

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret delegerer til kommunedirektøren å gjennomføre forhandlingar med Statsbygg om eit strategisk sal som omtalt i saka.
2. Før eit eventuelt sal blir gjennomført skal dette godkjennast av formannskapet.
3. Dersom eit sal ikkje blir godkjent av formannskapet, skal kommunedirektøren gjennomføre salet i tråd med vedtak fatta i formannskapet i sak 003/26.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Thale Juul og Bjørn Arntzen frå Barne-, ungdoms- og familieetaten (BUFETAT) orienterte.

Saka vart drøfta.

Det vart gjennomført gruppemøte.

Jim Arve Røssevoll (AP) fellesforslag frå Ap og FrP:

Som kommunedirektør si innstilling med nytt punkt 4: Hvis prosjektet med Statsbygg ikkje vert realisert, skal Sula kommune ha opsjon på gjenkjøp av tomta til opprinneleg salgspris.

Ved avstemming sette ein fellesforslaget opp mot kommunedirektør si innstilling. Fellesforslaget vart vedtatt med 21 stemmer (Ap, FrP, Krf, SV, Turid Humlen og Christian Birkeland (begge H)).

K - 037/26 Vedtak:

1. Kommunestyret delegerer til kommunedirektøren å gjennomføre forhandlingar med Statsbygg om eit strategisk sal som omtalt i saka.
2. Før eit eventuelt sal blir gjennomført skal dette godkjennast av formannskapet.
3. Dersom eit sal ikkje blir godkjent av formannskapet, skal kommunedirektøren gjennomføre salet i tråd med vedtak fatta i formannskapet i sak 003/26.

4. Hvis prosjektet med Statsbygg ikkje vert realisert, skal Sula kommune ha opsjon på gjenkjøp av tomta til opprinneleg salgspris.

038/26: Bruprosjekt, Pebakken.

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek å budsjettere inntil kroner 500.000 over investeringsbudsjettet for å gjere dei naudsynte utgreiingar for å løyse dei trafikkale utfordringane i reguleringsplanen for Nausthaugen og vidareutviklinga av omkringliggende område. Dette finansierast gjennom bruk av lån og refusjon av meirverdiavgift. Utgreiingsmidlane skal nyttast til vurderingar kring bru og fortau i Pebakken. Ny sak med kommunedirektøren sin vurderingar og anbefaling skal leggest fram til politisk handsaming i juni møte.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

K - 038/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek å budsjettere inntil kroner 500.000 over investeringsbudsjettet for å gjere dei naudsynte utgreiingar for å løyse dei trafikkale utfordringane i reguleringsplanen for Nausthaugen og vidareutviklinga av omkringliggende område. Dette finansierast gjennom bruk av lån og refusjon av meirverdiavgift. Utgreiingsmidlane skal nyttast til vurderingar kring bru og fortau i Pebakken. Nytt alternativ 6 med kulvert skal bli vurdert før punkt 5. Ny sak med kommunedirektøren sin vurderingar og anbefaling skal leggest fram til politisk handsaming i juni møte.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Saka vart drøfta.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Som kommunedirektør si innstilling, men med nytt alternativ 6 med kulvert som ei billegare og funksjonelt god nok løysing. Dette punktet skal ein vurdere før punkt 5.

Kommunedirektør si innstilling med forslaget frå Valseth Havnegjerde vart samrøystes tilrådd.

F - 042/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek å budsjettere inntil kroner 500.000 over investeringsbudsjettet for å gjere dei naudsynte utgreiingar for å løyse dei trafikkale utfordringane i reguleringsplanen for Nausthaugen og vidareutviklinga av

omkringliggende område. Dette finansierast gjennom bruk av lån og refusjon av meirverdiavgift. Utgreiingsmidlane skal nyttast til vurderingar kring bru og fortau i Pebakken. Nytt alternativ 6 med kulvert skal bli vurdert før punkt 5. Ny sak med kommunedirektøren sin vurderingar og anbefaling skal leggest fram til politisk handsaming i juni møte.

039/26: Årsmelding 2025 - Sula ungdomsråd

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret tek årsmelding for Sula ungdomsråd 2025 til orientering.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Ungdomsrådet ved Kristian Vårdal Nossen og Edle Molvær De Iacovo presenterte ungdomsrådet si årsmelding.

Årsmeldinga vart samrøystes tatt til vitande.

K - 039/26 Vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding for Sula ungdomsråd 2025 til orientering.

040/26: Medlem i lagmannsretten 2025 - 2028. Søknad om fritak Bodil Utvik Lyngre

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre gir Bodil Utvik Lyngre fritak ut perioden 2025 - 2028.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

K - 040/26 Vedtak:

Sula kommunestyre gir Bodil Utvik Lyngre fritak ut perioden 2025 - 2028.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 044/26 Vedtak:

Sula kommunestyre gir Bodil Utvik Lyngre fritak ut perioden 2025 - 2028.

041/26: Orienteringssak om formannskapet si strategisamling 21. og 22. april 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Ordførar orienterte.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 041/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek orienteringa til vitande.

042/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

K - 042/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

043/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Viste til spørsmål i formannskapet 05.05.26 ang innkjøp av gravemaskin. Lurte då på kva rammeavtalar vi har graving og er det slik at vi skal ta på oss all graving sjølv framover eller må vi framleis ha rammeavtale for slikt arbeid?

Kommunedirektør svarte at vi har kjøpt gravemaskin og vi har ein tilsett med kompetanse. Gjeldande rammeavtale går ut i september og vi må ta stilling til evt fornying innan den tid. Formannskapet ønskte at kommunestyret får orientering om

ulike sider ved ny rammeavtale før den blir innhenta, så vi kjem tilbake til kommunestyret i haust med kva val vi har tenkt å gjere.

Øystein Båtnes (FrP) frå kommunestyret 19.03.26:

Spørsmålet gjaldt sak 016/26 – Rebudsjettering av investeringar frå 2025 til 2026 og prosjektet «Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg». Han spurte om kva som var gjort konkret i 2025 knytt til dette prosjektet. Kostnadsført beløp i 2025 var kr 724.104. I saksframlegget stod det litt om kva som er gjort. Han spurte om kva som var gjort konkret i 2025.

Kommunedirektør v/ einingsleiar kommunalteknisk svarte at det i 2025 har vore gjennomført konkrete tiltak knytt til prosjektet "Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg", med hovudvekt på områda Grova / Eikrem og Gøtå / Ingeskogen. I Grova / Eikrem har arbeidet vore retta mot å betre framkome og skape eit meir oversiktleg trafikkbilete. Det er gjort tiltak for å tydeleggjere kvar gåande skal ferdast gjennom skilting, og det er gjennomført avstenging av ein parkeringsplass tett opp mot krysset. Denne parkeringsplassen skapte tidlegare uoversiktlege trafikksituasjonar, mellom anna ved rygging ut i vegbana, og gav utfordringar for både ordinær trafikk og framkome for renovasjonskøyretøy og utrykkingskøyretøy. I same området er det og gjort utskifting av LED-armatur for å betre lysforholda og auke tryggleiken, særleg i mørke periodar.

I området Gøtå / Ingeskogen har tiltaka vore konsentrerte kring trafikktrygging for mjuke trafikantar. Overgangsfelt er betra med intensiv belysing, og det er gjennomført fartsreduserande tiltak i form av oppheving av gangfelt, skilting av 30-sone og forbetring av siktforholda i området. Desse tiltaka er meint å bidra til lågare fart, betre oversikt og tryggare kryssing av veg.

Gjenståande arbeid omfattar flytting og justering av 30-sona i samsvar med skiltvedtak gjort i plan- og miljøutvalet. Dette arbeidet vert følgt opp vidare i 2026.

K - 043/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

044/26: Vurdering av Molværsdammen - vedtak om finansiering

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula formannskap vedtek å løyve **kr. 250 000** til vurderinger ang. tiltak ved Molværsdammen.

Dette gir følgande budsjettendring:

Budsjettendring vedrørende Molværsdammen	Beløp
0.7.I6088. Investeringsprosjekt Molværsdammen	250 000
0.8.I6088 Finansiering. Refusjon merverdiavgift	-50 000
0.8. Finansiering. Bruk av lån	-200 000
SUM	0

Behandling i Kommunestyret 07.05.2026

Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

K - 044/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek å løyve **kr. 250 000** til vurderinger ang. tiltak ved Molværsdammen.

Dette gir følgande budsjettendring:

Budsjettendring vedrørende Molværsdammen	Beløp
0.7.I6088. Investeringsprosjekt Molværsdammen	250 000
0.8.I6088 Finansiering. Refusjon merverdiavgift	-50 000
0.8. Finansiering. Bruk av lån	-200 000
SUM	0

Behandling i Formannskapet 05.05.2026

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Turid Humlen (H):

Formannskapet ønsker informasjon om moglege støtteordningar frå NVE og jamnleg rapportering, gjerne i kvart møte.

Innstillinga med tillegg vart samrøystes vedtatt.

F - 041/26 Vedtak:

Sula formannskap vedtek å løyve **kr. 250 000** til vurderinger ang. tiltak ved Molværsdammen.

Dette gir følgande budsjettendring:

Budsjettendring vedrørende Molværsdammen	Beløp
0.7.I6088. Investeringsprosjekt Molværsdammen	250 000
0.8.I6088 Finansiering. Refusjon merverdiavgift	-50 000
0.8. Finansiering. Bruk av lån	-200 000
SUM	0

Formannskapet ønsker informasjon om moglege støtteordningar frå NVE og jamnleg rapportering, gjerne i kvart møte.